Nr. 1 mars 2009

SAFFA-info

Utgitt av Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus.

Årsmelding for SAFFA for arbeidsåret 2008

- Åsmøtet blei avvikla på Olavsgård Hotel den 3. april 2008. Dette var det første årsmøtet etter ein omfattande vedtektsrevisjon. Den viktigaste endringa var å gå bort frå representantskapsmodellen.

- Tillitsvalde i meldingsåret

Styre:

Nils Seland	styreleiar	(på valg i 09)
Vidar W-Andresen	sekretær og kass.	(på valg i 09)
Marita Ramstad	styremedlem	(på valg i 10)
Erik Jødahl	styremedlem	(på valg i 10)
Espen Thomsen	styremedlem	(på valg i 09)

Varamedlemmer:

Jon Aarekol	(på valg i 09)
Per-Erik Berge	(på valg i 09)

Revisorar:

Andreas Svardahl og Torgeir Sørum har vore revisorar for SAFFA i meldingsåret. Ved ein feil, så blei ikkje revisorvalget protokollert på årsmøtet 2007. Andreas Svardal har vore årsmøtevald revisor for SAFFA i fleire år. Torgeir Sørum overtok etter Knut Ljøgodt ved sist årsmøte.

- Akershus Musikkråd.

Vidar Wien-Andresen er SAFFA sin representant i rådet. SAFFA har eit godt og konstruktivt samarbeid med Musikkrådet.

- Stemne på Gamle Hvam søndag den 17. august.

Det gode samarbeidet med Gamle Hvam Museum går vidare.

Deltakargrupper på Gamle Hvamsdagen 2008:
- Leikarringen Rakne, Jessheim
- Leikarringen Peer Gynt, Strømmen
- Folkedanslaget Springar`n, Follo
- Magedans. Vanita Elton m. fleire
- Spelemannslaget De frilynde, Follo
- Moulineten Stildansgruppe, Hamar

Marita Ramstad og Nils Seland var ansvarlege for programmet. SAFFA sender med dette ei oppfordring til alle medlemslag om å delta på Hvamsdagen søndag den 23. aug. 2008.

- Sørmarka-kurset for 2008 blei avvikla den 10 og 11. januar i 2009.
Andre helga i januar har vist seg å vera ei god tid for kurset, og alt tyder på at det vil vera rett å fortsetta då. I år blei det satsa sterkare på musikkdelen av kurset. Det ga utslag i at kurset totalt fekk ca 110 deltakarar - som er rekord. Tilbakemeldingane på kurset var gode.

Danserytme og puls i musikken var hovudfokus. Begge kursdagane starta med rytmeøvingar for dansarar og spelemenn. Instruktør: Tor Stallvik

Gabriel går på kompekurset saman med meg og spelar til dans lørdag på Sørmarka. Foto: Tor Skaa

Tema/kurstilbud:

1. Vågåspringleik: Instruktør: Tor Stallvik.
   Musikk: Tonje Lien Barkenæs
2. "Kompekurs" for alle typar rytmeinstrument.
   Instruktør: Terje Bekkedal
3. Hardingfele m. vekt på Valdresspringar.
   Instruktør: Tore Bolstad
4. Valdresspringar. Intro-kurs.
   Instruktørar: Brit Totland og Dag Hamre
5. Turdans og kvadriljer
   Instruktør: Marita Ramstad
6. Halling/Laus
   Instruktør: Ulf-Arne Johannessen
7. Fele:
   Instruktør: Olav Luksengård Mjelva
8. Trekkspel:
   Instruktør: Bjørn Elgstøen
9. Torader
   Instruktør: Lisbeth Haraldsen

- Nytt medlemslag i meldingsåret:

1. Telelaget i Oslo

Totalt medlemstal er nå 55. (Til nå 4 nye lag i 2009)

- E-postliste
  for internkommunikasjon og for vidareformidling av generelt stoff om folkedans og folkemusikk. Edvin Øen er den viktigaste bidragsytaren. Lista har nå 278 adresser.

  SAFFA har eigen e-postadresse: post@saffa.no

- SAFFA-nytt:
  Informasjon har vore send ut elektronisk 2 gonger - årsmeldinga (vår) og kursinformasjon (haust).
  - SAFFA eig domenet saffa.no.
  Det er etablert eiga nettside for SAFFA med plass for ein kort presentasjon av alle medlemslag/grupper. Det er å håpa at mange vil bruka denne markedsføringskanalen aktivt.
- Organisasjonsnummeret til SAFFA er 985 564 442

- Offentleg tilskot:
  Fylkeskommunalt tilskot (AMR): kr. 27 163,-
  Musikkverkstadordninga (MVO): kr. 0,-

- SAFFA i framtida
  AU har hatt samtalar med dagleg leiar for Akershus Musikkråd, Noregs Ungdomslag, Den Norske Folkemusikkscena, Norsk folkemusikk- og danselag og Landslaget for spelemenn om framtidig samarbeid. Tanken om å få etablert eit regionalt kompetansesenter for folkedans og folkemusikk i tilknytning til Akershus Musikkråd har vore eit tema i desse samtalane. SAFFA arbeider vidare med ein modell som kan gi grunnlag for ein sekretariatsressurs og dermed betre tenester for medlemmene.

Eit solid instruktørkorps skapte eit vellykka kurs:

Alle foto Tor Skauli

Haraldsen, Mjelva, Bekkedal, Elgstøen, Stallvik, Totland, Ramstad, Lien Barkenæs og Bolstad